

# Kvalitetsmelding for Timeskulen 2025



Trygg og framtidsetta  
[time.kommune.no](http://time.kommune.no)



Time kommune

## Innleiing

Kvalitetsmeldinga er eit viktig kunnskapsgrunnlag for administrativ og politisk skuleeigar, og for den enkelte skulen. Den viser status og utvikling på utvalde område knytt til læringsresultat og læringsmiljø, og danner grunnlag for vidare retning.

Resultata for Timeskulane samla er presentert i *Tilstandsrapport- Kvalitet og utvikling i Jærskulen 2024*. *Kvalitetsmelding for Timeskulen 2025* presenterer meir detaljert informasjon om resultat og utvikling for den enkelte skulen. I rapporten er det laga ei framstilling som først presenterer dei ulike barneskulane som har felles mottakaraskular på ungdomstrinnet.

For kvart tema er det gitt ei oppsummering og vurdering av vidare mål det skal arbeidast med.

Følgande tabellar blir presentert på skulenivå:

### **Arbeidet på 1.-4. trinn:**

- Kartleggingsprøvar på 3.trinn i lesing og rekning, gjennomført i oktober 2024
- Nasjonale prøvar på 5. trinn. Her blir skalapoeng for dei enkelte skulane dei fem siste åra presentert.
- Skulebidragsindikatorar for 1.-4. trinn i perioden 2020-2023

### **Arbeidet på 5.-7. trinn:**

- Nasjonale prøvar på 8. trinn. I tabellen blir prosentdel av elevar som skårar på nivå 1 og 2 presentert for den enkelte barneskulen elevane kjem frå. Dette fordi ein i statistikkbanken ikkje får oppgitt skalapoenga for desse på den enkelte barneskulen.
- Skulebidragsindikator for 5.-7. trinn i perioden 2020-2023
- Elevundersøkinga på 7. trinn

### **Arbeidet på 8.-10. trinn:**

- Arbeidet frå 8. til 9. trinn blir målt på nasjonale prøvar i 9. trinn. Tabellane viser skalapoenga for 8. og 9. trinn for å følge utviklinga
- Standpunktkarakterar, eksamensresultat og grunnskulepoeng på 10. trinn
- Elevundersøkinga på 10. trinn

Innleiing .....	1
Forklaring på kva kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar og skulebidrag måler.....	3
Utvikling knytt til læringsresultat, skulebidrag, grunnskulepoeng, standpunkt og eksamen .....	5
Bryne-, Hognestad- og Rosseland skule .....	5
Arbeidet på 1.- 4. trinn:.....	5
Arbeidet på 5.- 7. trinn:.....	7
Arbeidet på 8.-10. trinn:.....	9
Bryne ungdomsskule.....	9
Vardheia ungdomsskule.....	11
Lye- og Undheim skule.....	13
Arbeidet på 1.-4. trinn:.....	13
Arbeidet på 5.-7. trinn:.....	15
Arbeidet på 8.-10. trinn:.....	17
Lye ungdomsskule .....	17
Frøyland skule.....	19
Arbeidet på 1.- 4. trinn:.....	19
Arbeidet på 5.- 7. trinn:.....	20
Arbeidet på 8.- 10. trinn:.....	22
Frøyland ungdomsskule .....	22
Oppsummering og vurdering av læringsresultat.....	24
Felles systemarbeid .....	24
Grunnskulepoeng .....	25
Utvikling knytt til elevane sitt læringsmiljø.....	26
Elevundersøkinga.....	26
Oppsummering og vurdering av læringsmiljø .....	32
Overgang til og gjennomføring av vidaregåande skule.....	34
Oppsummering og vurdering av gjennomføring i vidaregåande skule.....	35
Individuell tilrettelegging .....	36
Oppsummering og vurdering av individuelt tilrettelagt opplæring .....	37
Rekruttering av lærarar .....	39
Oppsummering og vurdering av rekruttering .....	40
Oppsummering av målsettingar for vidare arbeid i Timeskulen .....	41

# Forklaring på kva kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar og skulebidrag måler

## *Kartleggingsprøvar*

Kartleggingsprøvene på 1. og 3. trinn er laga for å identifisera elevar som treng oppfølging. Skulane set inn tiltak tidleg i læringsløpet for elevar som er i oppfølgingsområdet. Prøvene på 3. trinn er obligatoriske, mens prøvene på 1. trinn er frivillige. Som del av kvalitetsarbeidet i Timeskulen er det valt at alle elevane skal gjennomføra kartleggingsprøvene i lesing og rekning også på 1. trinn. Elevane på 1. trinn gjennomfører prøvene våren 2025, og elevane på 3. trinn gjennomførte prøvene i oktober 2024.

## *Skulebidrag*

Skulebidragsindikatorane prøver å visa kva skulane sin innsats betyr for elevane sine læringsresultat. For å kunna måla dette blir den delen av læringsresultata som skuldast føresetnadane elevane har med seg, skilt ut.

- For 1.-4. trinn er det tatt utgangspunkt i elevane sine gjennomsnittresultat frå nasjonale prøvar på 5. trinn i lesing, rekning og engelsk, og justert for familiebakgrunn (foreldra sitt utdanningsnivå, hushaldningsinntekt, og elevane sin innvandringsbakgrunn).
- For 5.-7. trinn er det tatt utgangspunkt i elevane sine gjennomsnittresultat frå nasjonale prøvar på 8. trinn i lesing, rekning og engelsk. Gjennomsnittresultatet er justert for dei same elevane sitt gjennomsnittresultat frå nasjonale prøvar på 5. trinn i lesing, rekning og engelsk + familiebakgrunn.
- Grunna regjeringa si avgjerd om å avlysa eksamen i grunnskulen våren 2020 og 2021, er det ikkje berekna skulebidragsindikator for 8.-10. trinn for dei samanslåtte skuleåra 2020-2021, 2021-2022, 2022-2023 og 2023-2024.

For elevane finst det ikkje tidlegare resultat enn nasjonale prøvar på 5. trinn. For indikatoren på 1.-4. trinn blir det derfor berre kontrollert for familiebakgrunn. Denne indikatoren gir derfor ikkje eit så presist estimat på skulen sitt bidrag, samanlikna med dei andre trinna. Som oftast vil skular som avviker mykje frå det nasjonale snittet i sitt bidrag på 1.-4. trinn, ha eit bidrag på 5.-7. trinn som ligg nærare det nasjonale snittet.

Det er viktig å vera forsiktig når ein samanliknar resultat basert på få elevar. Ein elev som presterer svært høgt eller svært lågt vil påverka gjennomsnittet mykje meir på ein liten skule enn ein stor skule. Desto fleire elevar eit gjennomsnittresultat er basert på, desto sikrare er ein på gjennomsnittet.

For å synleggjera at det er usikkerheit knytt til dei estimerte indikatorane blir det også presentert eit intervall som viser kor sikre ein er på at skulen sitt bidrag er forskjellig frå landssnittet. Dersom skulen sitt bidrag er likt landsgjennomsnittet, er skulebidraget lik 0. Dersom intervallet overlappar med null kan ein ikkje seia at skulebidraget er statistisk signifikant forskjellig frå gjennomsnittet. Positiv verdi indikerer at skulen bidreg meir enn landssnittet. Negativ verdi indikerer at skulen bidreg mindre enn landssnittet. Ein negativ verdi betyr ikkje at skulen bidreg negativt til elevane sine resultat, men at bidraget er mindre enn landssnittet.

Ut over dette seier ikkje indikatoren noko om skulen sitt bidrag til elevane si læring i andre fag. Den seier heller ikkje noko om skulen sin evne til å ivareta dannelsingsoppdraget.

### *Nasjonale prøvar*

Elevane gjennomfører nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn, og i lesing og rekning på 9. trinn. For å følgja utviklinga gjennomfører elevane på 9. trinn dei same prøvane som dei på 8. trinn i lesing og rekning. På 5. trinn blir ferdigheitene delt inn i 3 nivå, og på 8. og 9. trinn er det 5 nivå. Ein er særleg merksam på elevar som ligg på nivå 1 på 5. trinn, og på nivå 1 og 2 på ungdomstrinnet. Som del av oppfølging av nasjonale prøvar, blir det gjort analysar og sett inn tiltak ved den enkelte skulen.

Resultat blir i offentleg statistikk presentert i skalapoeng der nasjonalt snitt på 5. og 8. trinn som hovudregel ligg på 50. Ei forventa læring etter eitt år med skulegang er 4 skalapoeng. Nasjonalt snitt på 9. trinn er difor som hovudregel 54 skalapoeng.

## Utvikling knytt til læringsresultat, skulebidrag, grunnskulepoeng, standpunkt og eksamen

### Bryne-, Hognestad- og Rosseland skule

- avgjer elevane sine til Bryne ungdomsskule og Vardheia ungdomsskule

#### Arbeidet på 1.- 4. trinn:

*Kartleggingsprøvar på 3. trinn i lesing og rekning*

Andel elevar i prosent, som er i oppfølgingsområdet:

3. trinn	2022-2023	2023-2024	2024-2025
<b>Bryne skule</b>			
Lesing	38 %	60 %	<b>45 %</b>
Rekning	23 %	30 %	<b>22 %</b>
<b>Hognestad skule*</b>			
Lesing	--	--	--
Rekning	--	--	--
<b>Rosseland skule</b>			
Lesing	26 %	41 %	<b>35 %</b>
Rekning	24 %	9 %	<b>12 %</b>

*Resultata viser at skulane har hatt positiv utvikling i lesing, men at det framleis er fleire elevar som har behov for intensiv opplæring.*

\* Elevar Hognestad har få elevar, og resultat blir difor omfatta av publiseringsreglane som blir nytta av UDIR («prikka»). Dette for å hindra direkte eller indirekte identifisering av enkeltelevar.

#### Nasjonale prøvar 5. trinn, resultat målt i skalapoeng

5.trinn	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
	nasjonalt 50	nasjonalt 50	nasjonalt 50	nasjonalt 49 lesing 50 engelsk og rekning	nasjonalt 49 lesing og rekning 51 engelsk
<b>Bryne skule</b>					
Engelsk	50	50	52	48	<b>52</b>
Lesing	49	49	50	46	<b>49</b>
Rekning	49	48	51	48	<b>49</b>
<b>Hognestad skule</b>					
Engelsk	--	--	--	--	--
Lesing	--	--	--	--	--
Rekning	--	--	--	--	--
<b>Rosseland skule</b>					
Engelsk	51	49	51	53	<b>53</b>
Lesing	49	48	51	50	<b>51</b>
Rekning	50	49	53	51	<b>49</b>


\* Hognestad har få elevar, og resultat blir difor omfatta av publiseringsreglane som blir nytta av UDIR («prikka»). Dette for å hindra direkte eller indirekte identifisering av enkeltelevar.

Bryne skule sine resultat ligg inneverande år på nasjonalt nivå i lesing og rekning og over nasjonalt nivå i engelsk. Trenden over tid viser at skulen i engelsk har resultat over eller på nasjonalt snitt fire av fem år, mens dei i lesing og rekning har resultat under nasjonalt snitt tre av fem år. I 2024 ligg Rosseland skule over nasjonalt snitt i engelsk og lesing, og på nasjonalt snitt i rekning. Trenden over tid viser at skulen i engelsk og rekning er over nasjonalt snitt fire av dei fem siste åra, mens dei i lesing har resultat over nasjonalt snitt tre av fem år.

### Skulebidragsindikatorar for 1.-4. trinn


Blå linje viser skulane sitt resultat på skulebidragsindikatoren. Dei stipla linjene viser usikkerheit. Dersom alle linjene ligg over 0 har skulen eit positivt bidrag, og dersom alle ligg under 0 har me eit negativt bidrag. Dersom linjene overlappar med 0, ligg skulen på landssnittet.

#### Bryne skule




For 2022+2023 ligg Bryne skule på nasjonalt snitt.

#### Hognestad skule



For 2022+2023 ligg Hognestad skule på nasjonalt snitt.

#### Rosseland skule



For 2022+2023 ligg Rosseland skule på nasjonalt snitt.

## Arbeidet på 5.- 7. trinn:

### Nasjonale prøver på 8. trinn

Resultat målt i prosent av elever på nivå 1 og 2 på nasjonale prøver på 8. trinn. Tala i parentes er nasjonalt snitt.

8. trinn	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
<b>Bryne skule</b>					
Engelsk	12% (27%)	31% (26%)	29% (29%)	31% (27,5%)	<b>33,8% (26,6%)</b>
Lesing	21% (27%)	29% (27%)	30% (29%)	63% (34,6%)	<b>47,9 % (34,6%)</b>
Rekning	22% (31%)	33% (31%)	27% (29%)	43% (34,1%)	<b>37,2 % (36,1%)</b>
<b>Hognestad skule*</b>					
Engelsk	-	-	-	-	-
Lesing	-	-	-	-	-
Rekning	-	-	-	-	-
<b>Rosseland skule</b>					
Engelsk	12 %	20 %	20 %	37,0 %	<b>26 %</b>
Lesing	16 %	26 %	22 %	45,0 %	<b>28 %</b>
Rekning	15 %	24 %	17 %	42,0 %	<b>24 %</b>

\* Hognestad har få elevar, og resultat blir difor omfatta av publiseringsreglane som blir nytta av UDIR («prikka»). Dette for å hindra direkte eller indirekte identifisering av enkeltelevar.


Bryne skule har positiv utvikling i lesing og rekning, men andelen av elevar på nivå 1 og 2 er framleis over nasjonalt snitt.

Rosseland skule har særst positiv utvikling på alle tre prøvane, og ligg på nasjonalt nivå i engelsk. I lesing og rekning har dei lågare prosentandel enn nasjonalt på dei lågaste nivåa.

## Skulebidragsindikator for 5.-7. trinn


Blå linje viser skulane sitt resultat på skulebidragsindikatoren. Dei stipla linjene viser usikkerheit. Dersom alle linjene ligg over 0 har skulen eit positivt bidrag, og dersom alle ligg under 0 har me eit negativt bidrag. Dersom linjene overlappar med 0, ligg skulen på landssnittet.

### Bryne skule




For 2022+2023 ligg Bryne skule under nasjonalt snitt.

### Hognestad skule



For 2022+2023 ligg Hognestad skule under nasjonalt snitt.

### Rosseland skule



For 2022+2023 ligg Rosseland skule under nasjonalt snitt.

## Arbeidet på 8.-10. trinn:

### **Bryne ungdomsskule**

#### Nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn

Bryne ungdomsskule	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025	Nasjonalt
8. trinn engelsk	52	48	50	48	49	50
8. trinn lesing	52	49	51	44	48	49
8. trinn rekning	53	49	52	46	48	48
9. trinn lesing	54	56	53	55	51	53
9. trinn rekning	55	57	54	56	50	52

Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2021-22	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2022-23	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2023-24	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2024-25
---	---	---	---

Resultatet for 8. trinn måler arbeidet som er gjort på mellomtrinnet på barneskulen. Elevane på 8. trinn på Bryne ungdomsskule ligg under nasjonalt snitt i engelsk og lesing, og på nasjonalt snitt i rekning.

Vidare viser utviklinga for arbeidet som blir gjort på Bryne ungdomsskule at dei har bidratt til å auka elevane sitt læringsutbytte i lesing og rekning for dei siste fem kulla på 9. trinn, med 4 eller meir skalapoeng. Resultata på 9. trinn ligg likevel under nasjonalt snitt siste året.

#### Standpunktkarakterar, eksamen, og grunnskulepoeng


#### Standpunktkarakterar i fag etter 10. trinn

Vurderingsfag - Standpunktkarakter	2023-24 Nasjonalt snitt	2023-24 BUS (alle)	2023-24 Standpunkt Gut	2023-24 Standpunkt Jente
Arbeidslivsfag	4,5	4,8	4,9	4,7
Engelsk	4,2	3,8	3,4	4,1
Kunst og handverk	4,5	4,4	4,1	4,7
Kroppsøving	4,7	4,4	4,4	4,5
Matematikk	3,7	3,5	3,1	3,9
Mat og helse	4,6	4,5	4,1	4,9
Musikk	4,5	4,3	4,1	4,6
Naturfag	4,2	4,2	3,7	4,7
Norsk hovudmål, skriftleg	3,9	3,6	3	4,1
Norsk sidemål, skriftleg	3,8	4	3,3	4,3
Norsk, munnleg	4,3	4,2	3,6	4,9
KRLE	4,3	4,1	3,5	4,7
Samfunnsfag	4,3	4,2	3,8	4,7
Gj.snitt - standpunkt	4,3	4,2	3,8	4,5

Standpunktkarakterane ved Bryne ungdomsskule samsvarer godt med det nasjonale snittet i tilnærma alle fag utanom engelsk.

Gjennomsnittleg standpunkt for gutane ligg 0,7 under jentene sitt snitt og 0,5 under nasjonalt snitt. Dei beste resultatata har gutane i dei praktiske faga. Jentene har betre resultat enn gutane i alle fag utanom arbeidslivsfag.


## Eksamen



Resultata viser at klassane som var oppe i dei ulike faga ved Bryne ungdomsskule oppnådde nasjonalt snitt i norsk hovudmål, og betre enn nasjonalt snitt i norsk sidemål. I engelsk ligg elevane 0,9 under landssnittet. Resultata for elevane som var oppe i norsk munnleg var over nasjonalt snitt.

## Grunnskulepoeng

Grunnskulepoenga blir vanlegvis rekna ut ved eit gjennomsnitt av alle karakterar i standpunkt og eksamen, og multiplisert med ti. For skuleåra 2019-2020, 2020-2021, 2021-2022 er grunnskulepoenga berre basert på standpunktkarakterane, då det ikkje var gjennomført eksamen desse åra grunna pandemi.



Grunnskulepoenga for elevane på Bryne ungdomsskule ligg 1,4 under nasjonalt snitt som er på 42,2. Trenden for dei 5 siste åra viser at grunnskulepoenga har lege stabilt kring 42 på Bryne ungdomsskule fram til 2023-2024, der snittet er 40,8. Nasjonalt snitt har vore høgare i same periode.

Skilnadane i grunnskulepoeng mellom jenter og gutar har auka sidan i fjor.

## Vardheia ungdomsskule

### Nasjonale prøvar i 8. og 9. trinn

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn

Vardheia ungdomsskule	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025	Nasjonalt
8. trinn engelsk	51	51	51	49	50
8. trinn lesing	53	50	49	49	49
8. trinn rekning	51	52	48	49	48
9. trinn lesing	53	56	52	51	53
9. trinn rekning	52	56	53	52	52

Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2022-23	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2023-24	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2024-25
---	---	---

Vardheia ungdomsskule tar i mot elevar frå Tu- og Orre skule i Klepp, og frå Bryne- og Rosseland skule i Time. Resultata for 8. trinn viser at elevane ligg under nasjonalt nivå i engelsk, på nasjonalt nivå i lesing og over nasjonalt nivå i rekning. Utviklinga frå 8. trinn til 9. trinn viser at elevane har hatt ein framgang på 2 skalapoeng i lesing og 3 skalapoeng i rekning. Resultata på 9. trinn ligg under nasjonalt snitt i lesing og på nasjonalt snitt i rekning.

### Standpunktkarakterar, eksamen, og grunnskulepoeng


#### Standpunktkarakterar i fag etter 10. trinn

Vurderingsfag - Standpunktkarakter	2023-24 Nasjonalt snitt	2023-24 VUS (alle)	2023-24 Standpunkt Gut	2023-24 Standpunkt Jente
Arbeidslivsfag	4,5	4,2	4,1	4,4
Engelsk	4,2	4,4	4,2	4,6
Kunst og handverk	4,5	4,8	4,4	5,2
Kroppsøving	4,7	4,7	4,6	4,8
Matematikk	3,7	4,0	3,8	4,1
Mat og helse	4,6	4,4	3,9	4,8
Musikk	4,5	4,6	4,2	5,0
Naturfag	4,2	4,3	4,0	4,5
Norsk hovudmål, skriftleg	3,9	3,9	3,6	4,2
Norsk sidemål, skriftleg	3,8	4,0	3,7	4,3
Norsk, munnleg	4,3	4,3	4,0	4,6
KRLE	4,3	4,6	4,2	5,0
Samfunnsfag	4,3	4,6	4,4	4,8
<b>Gj.snitt - standpunkt</b>	<b>4,3</b>	<b>4,4</b>	<b>4,1</b>	<b>4,7</b>

Standpunktkarakterane ved Vardheia ungdomsskule ligg høgare enn det nasjonale snittet i åtte av faga.

Gjennomsnittleg standpunkt for gutane ligg 0,6 under jentene sitt snitt, og 0,2 samanlikna med nasjonalt snitt. Dei beste resultata har gutane i nokre av dei praktiske faga og i engelsk. Jentene har same, eller betre resultat enn gutane i alle fag.


## Eksamen



Resultata viser at klassane som var oppe i dei ulike faga ved Vardheia ungdomsskule, oppnådde betre enn nasjonalt snitt i alle skriftlege fag. Elevane som var oppe i norsk munnleg låg under nasjonalt snitt.

## Grunnskulepoeng

2023 var det første året Vardheia ungdomsskule hadde avgangselevar.



Grunnskulepoenga for elevane på Vardheia ungdomsskule ligg 1,6 over nasjonalt snitt. Det er ein skilnad på 5,2 grunnskulepoeng mellom jentene og gutane, og gutane ligg også under nasjonalt snitt.

## Lye- og Undheim skule

- avgjer elevar til Lye ungdomsskule

### Arbeidet på 1.-4. trinn:

#### Kartleggingsprøvar på 3. trinn i lesing og rekning

Andel elevar i prosent, som er i oppfølgingsområdet:

3.trinn	2022-2023	2023-2024	2024-2025
<b>Lye skule</b>			<b>Prosent</b>
Lesing	51 %	44 %	<b>38 %</b>
Rekning	31 %	15 %	<b>15 %</b>
<b>Undheim skule</b>			
Lesing	--	--	--
Rekning	--	--	--

*Resultata viser framgang i lesing på Lye skule. Tala i rekning er stabile dei to siste åra. Fleire elevar treng oppfølging i lesing og rekning.*

\* Undheim har få elevar, og resultat blir difor omfatta av publiseringsreglane som blir nytta av UDIR («prikka»). Dette for å hindra direkte eller indirekte identifisering av enkeltelevar.

#### Nasjonale prøvar 5. trinn, resultat målt i skalapoeng


5.trinn	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-2025
	nasjonalt 50	nasjonalt 50	nasjonalt 50	nasjonalt 49 lesing 50 engelsk og rekning	nasjonalt 49 lesing og rekning 51 engelsk
<b>Lye skule</b>					
Engelsk	51	50	47	50	<b>50</b>
Lesing	51	49	48	50	<b>46</b>
Rekning	50	49	51	47	<b>48</b>
<b>Undheim skule</b>					
Engelsk	-	-	-	-	<b>-*</b>
Lesing	-	-	-	-	<b>-*</b>
Rekning	-	-	-	-	<b>-*</b>

\* Undheim har få elevar, og resultat blir difor omfatta av publiseringsreglane som blir nytta av UDIR («prikka»). Dette for å hindra direkte eller indirekte identifisering av enkeltelevar.


Lye skule ligg inneverande år under nasjonalt nivå i alle tre prøvane. Trenden over tid viser at skulen har stabile tal i engelsk, medan dei er under nasjonalt nivå i lesing og rekning tre av fem år.

## Skulebidragsindikatorar for 1.-4. trinn

Blå linje viser skulane sitt resultat på skulebidragsindikatoren. Dei stipla linjene viser usikkerheit. Dersom alle linjene ligg over 0 har skulen eit positivt bidrag, og dersom alle ligg under 0 har me eit negativt bidrag. Dersom linjene overlappar med 0, ligg skulen på landssnittet.



For 2022+2023 ligg Lye skule på nasjonalt snitt.



For 2022+2023 ligg Undheim skule under nasjonalt snitt.

## Arbeidet på 5.-7. trinn:

### Nasjonale prøver på 8. trinn

Resultat målt i prosent av elevar på nivå 1 og 2 på nasjonale prøver på 8. trinn. Tala i parentes er nasjonalt snitt.


8.trinn	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
<b>Lye skule</b>					
Engelsk	50% (27%)	24% (26%)	40% (29%)	21 % (27,5%)	<b>39,5 % (26,6%)</b>
Lesing	41% (27%)	15% (27%)	25% (29%)	21 % (34,6%)	<b>45,4 % (34,6%)</b>
Rekning	45% (31%)	24% (31%)	28% (29%)	26,3% (34,1%)	<b>32,6 % (36,1%)</b>
<b>Undheim skule*</b>					
Engelsk	-	-	-	-	-
Lesing	-	-	-	-	-
Rekning	-	-	-	-	-

\* Undheim skule har få elevar, og resultat blir difor omfatta av publiseringsreglane som blir nytta av UDIR («prikka»). Dette for å hindra direkte eller indirekte identifisering av enkeltelevar.


5.-7. trinn: Lye skule har i lesing og rekning hatt færre elevar på lågaste nivå enn nasjonalt snitt dei førre tre åra. I år har dei fleire elevar enn landsnittet på lågaste nivå. I engelsk er det store variasjonar frå år til år. I 2024-2025 har dei fleire elevar på lågaste nivå enn landsnittet.

### Skulebidrag 5.-7. trinn i perioden 2020-2023

Blå linje viser skulane sitt resultat på skulebidragsindikatoren. Dei stipla linjene viser usikkerheit. Dersom alle linjene ligg over 0 har skulen eit positivt bidrag, og dersom alle ligg under 0 har me eit negativt bidrag. Dersom linjene overlappar med 0, ligg skulen på landssnittet.



For 2022+2023 ligg Lye skule på nasjonalt snitt.



For 2022+2023 ligg Undheim skule på nasjonalt snitt.

## Arbeidet på 8.-10. trinn:

### Lye ungdomsskule

#### Nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn

Lye ungdomsskule	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025	Nasjonalt
8. trinn engelsk	46	51	47	51	48	50
8. trinn lesing	46	51	48	49	47	49
8. trinn rekning	47	51	50	50	50	48
9. trinn lesing	52	52	54	53	53	53
9. trinn rekning	53	52	55	55	53	52

Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2021-22	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2022-23	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2023-24	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2024-25
---	---	---	---

Resultatet for 8. trinn måler arbeidet som er gjort på mellomtrinnet på Lye- og Undheim skule. Elevane på 8. trinn på Lye ungdomsskule er over nasjonalt snitt i rekning, medan dei er under i engelsk og lesing. Vidare viser utviklinga for arbeidet som blir gjort på Lye ungdomsskule at dei har bidratt til å auka elevane sitt læringsutbytte i lesing og rekning i tre av dei fire siste åra. Resultata på 9. trinn ligg på og over nasjonalt snitt.

### Standpunktkarakterar, eksamen og grunnskulepoeng


#### Standpunktkarakterar i fag etter 10. trinn

Vurderingsfag - Standpunktkarakter	2023-24 Nasjonalt snitt	2023-24 LUS (alle)	2023-24 Standpunkt Gut	2023-24 Standpunkt Jente
Arbeidslivsfag	4,5	4,2	4,3	4,0
Engelsk	4,2	4,0	4,0	4,0
Kunst og handverk	4,5	4,5	4,2	4,8
Kroppsøving	4,7	4,4	4,5	4,3
Matematikk	3,7	4,2	4,3	4,1
Mat og helse	4,6	4,7	4,5	5,0
Musikk	4,5	4,4	4,0	4,7
Naturfag	4,2	4,2	4,0	4,6
Norsk hovudmål, skriftleg	3,9	3,9	3,6	4,4
Norsk sidemål, skriftleg	3,8	3,9	3,6	4,3
Norsk, munnleg	4,3	4,3	4,0	4,6
KRLE	4,3	4,3	4,0	4,7
Samfunnsfag	4,3	4,3	4,2	4,4
Gj.snitt - standpunkt	4,3	4,3	4,1	4,5

Standpunktkarakterane ved Lye ungdomsskule ligg over eller på det nasjonale snittet i ni av dei 13 faga.


Gjennomsnittleg standpunkt for gutane ligg 0,4 under jentene sitt snitt, og 0,2 samanlikna med nasjonalt snitt. Dei beste resultatata har gutane i dei praktiske faga og matematikk. Jentene har same, eller betre resultat enn gutane i 10 av dei 13 faga.

## Eksamen



Resultata viser at klassane som var oppe i dei ulike faga ved Lye ungdomsskule oppnådde over nasjonalt snitt i norsk hovudmål og sidemål, og under nasjonalt snitt i engelsk.

## Grunnskulepoeng



Grunnskulepoenga for elevane på Lye ungdomsskule ligg på nasjonalt snitt. Trenden fram til 2023-2024 var at grunnskulepoenga gjekk nedover, medan tala for inneverande år viser framgang både for gutar og jenter. Det er ein skilnad på 4,8 grunnskulepoeng mellom jentene og gutane, og gutane ligg også under nasjonalt snitt.

## Frøyland skule

- avgjer elevane til Frøyland ungdomsskule.

### Arbeidet på 1.- 4. trinn:

*Kartleggingsprøvar på 3.trinn i lesing og rekning*

Andel elevar i prosent, som er i oppfølgingsområdet:

3.trinn	2022-2023	2023-2024	<b>2024-2025</b>
Frøyland skule			<b>Prosent</b>
Lesing	20 %	44 %	<b>21 %</b>
Rekning	8 %	16 %	<b>21 %</b>

*Resultata viser positiv utvikling i lesing frå i fjor. Utviklinga i rekning syner ein auke i elevar med behov for intensiv opplæring i rekning.*


*Nasjonale prøvar 5. trinn, resultat målt i skalapoeng*

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	<b>2024-2025</b>
	nasjonalt 50	nasjonalt 50	nasjonalt 50	nasjonalt 49 lesing 50 engelsk og rekning	nasjonalt 49 lesing og rekning 51 engelsk
<b>Frøyland skule</b>					
Engelsk	53	51	55	52	<b>54</b>
Lesing	54	50	56	49	<b>54</b>
Rekning	53	50	55	54	<b>53</b>

Frøyland skule sine resultat ligg over nasjonalt nivå på alle prøvane inneverande år. Utviklinga dei fem siste åra viser stabile resultat på, eller over nasjonalt snitt på alle dei tre prøvane.

### Skulebidragsindikatorar for 1.-4. trinn

Blå linje viser skulane sitt resultat på skulebidragsindikatoren. Dei stipla linjene viser usikkerheit. Dersom alle linjene ligg over 0 har skulen eit positivt bidrag, og dersom alle ligg under 0 har me eit negativt bidrag. Dersom linjene overlappar med 0, ligg skulen på landssnittet.



For 2022+2023 ligg Frøyland skule over nasjonalt snitt.

### Arbeidet på 5.- 7. trinn:

#### Nasjonale prøvar på 8. trinn


Resultat målt i prosent av elevar på nivå 1 og 2 på nasjonale prøvar på 8. trinn. Tala i parentes er nasjonalt snitt.

8.trinn	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	<b>2024-25</b>
<b>Frøyland skule</b>					
Engelsk	29% (27%)	17% (26%)	38% (29%)	17,0 % (27,5%)	<b>21,5 % (26,6%)</b>
Lesing	40% (27%)	21% (27%)	35% (29%)	22,8 % (34,6%)	<b>30,2 % (34,6%)</b>
Rekning	42% (31%)	27% (31%)	36% (29%)	13,3 % (34,1%)	<b>34,0 % (36,1%)</b>

5.-7. trinn: Frøyland skule har dei siste to åra hatt færre elevar på dei lågaste nivåa på alle dei tre prøvane samanlikna med nasjonalt nivå.

### Skulebidrag 5.-7. trinn i perioden 2020-2023

Blå linje viser skulane sitt resultat på skulebidragsindikatoren. Dei stipla linjene viser usikkerheit. Dersom alle linjene ligg over 0 har skulen eit positivt bidrag, og dersom alle ligg under 0 har me eit negativt bidrag. Dersom linjene overlappar med 0, ligg skulen på landssnittet.



For 2022+2023 ligg Frøyland skule over nasjonalt snitt.

## Arbeidet på 8.- 10. trinn:

### Frøyland ungdomsskule

#### Nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn

Frøyland ungdomsskule	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025	Nasjonalt
	8. trinn engelsk	50	52	48	53	51
8. trinn lesing	48	50	49	52	49	49
8. trinn rekning	49	52	48	52	48	48
9. trinn lesing	52	55	56	52	54	53
9. trinn rekning	52	53	55	52	56	52

Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2021-22	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2022-23	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2023-24	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2024-25
---	---	---	---

Elevane på Frøyland ungdomsskule kjem frå Frøyland skule. Elevane på 8. trinn er i 2024 på nasjonalt snitt i lesing og rekning, og over nasjonalt snitt i engelsk. Utviklinga viser at Frøyland ungdomsskule har bidratt til å auka elevane sitt læringsutbytte i lesing og rekning for tilnærma alle kulla frå 8.- 9. trinn. Bidraget er på tre eller fleire skalapoeng alle år, med unntak av lesing frå 8.- 9. trinn siste året. Resultata på 9. trinn ligg over nasjonalt snitt i lesing og rekning.

### Standpunktkarakterar, eksamen, og grunnskulepoeng


#### Standpunktkarakterar i fag etter 10. trinn

Vurderingsfag - Standpunktkarakter	2023-24 Nasjonalt snitt	2023-24 FUS (alle)	2023-24 Standpunkt Gut	2023-24 Standpunkt Jente
Arbeidslivsfag	4,5	4,0	3,8	4,3
Engelsk	4,2	4,0	3,9	4,2
Kunst og handverk	4,5	4,2	4,0	4,5
Kroppsøving	4,7	4,2	4,3	4,1
Matematikk	3,7	3,8	3,8	3,7
Mat og helse	4,6	3,9	3,4	4,4
Musikk	4,5	4,7	4,5	4,8
Naturfag	4,2	4,0	3,9	4,2
Norsk hovudmål, skriftleg	3,9	3,4	3,1	3,7
Norsk sidemål, skriftleg	3,8	3,3	3,1	3,6
Norsk, munnleg	4,3	4,0	3,7	4,3
KRLE	4,3	4,0	4,0	4,1
Samfunnsfag	4,3	4,0	4,0	4,1
Gj.snitt - standpunkt	4,3	4,0	3,8	4,1

Standpunktkarakterane ved Frøyland ungdomsskule ligg under det nasjonale snittet i 11 av dei 13 faga. Norsk skriftleg er signifikant under nasjonalt snitt.


Gjennomsnittleg standpunkt for gutane ligg 0,3 under jentene sitt snitt og 0,5 under nasjonalt snitt. Dei beste resultatane har gutane i kroppsøving og musikk. Jentene har same, eller betre resultat enn gutane i 11 av dei 13 faga.

## Eksamen



Resultata viser at klassane som var oppe i dei ulike faga ved Frøyland ungdomsskule oppnådde over nasjonalt snitt i norsk sidemål og engelsk. Elevane som var oppe i norsk munnleg låg signifikant over nasjonalt snitt.

## Grunnskulepoeng



Grunnskulepoenga for elevane på Frøyland ungdomsskule ligg 1,3 under nasjonalt snitt. Trenden for dei 4 siste åra viste ei positiv utvikling fram til i år 2023-2024. No har resultatane gått nedover, og avstanden til det nasjonale snittet aukar. Skilnaden mellom jentene og gutane har over tid vore stor, og aukar dette året.

## Oppsummering og vurdering av læringsresultat

### Felles systemarbeid

I 2023 blei det gjort følgande vedtak knytt til systematisk arbeid med lesing: *Arbeida vidare med å utvikla vårt felles systemarbeid knytt til lesing på barneskulane for å sikra at resultatata i lesing ligg stabilt på nasjonalt nivå.*

Deltakarane i lesenettverket, som er samansett frå barneskulane i Time, har i løpet av dei tre siste åra utvikla eit systematisk rammeverk i lesing for heile Timeskulen på 1.- 7. trinn. Rammeverket, som består av verktøy som bygger på nyare leseforskning, og som kan vise til faglege resultat, er valt ut fordi dei på ulike måtar kan betra elevane sin lesekompetanse. Alle skulane er forplikta til å følgja rammeverket som del av ordinær drift. Fram i tid vil me kunne følgja effekten av igangsett systemarbeid.

I 2024 melder dei fleste skulane at dei no har system for bruk av dei ulike verktøya. Arbeid med iMal som bokstavinnlæring, og "På sporet" som intensiv leseopplæring i mindre grupper, er del av drifta på alle barneskulane i Time. Nettverket har sett på resultat frå nasjonal prøve i lesing for 5. og 8. trinn. Resultata viser eit behov for ei særskild satsing på lesing på mellomtrinnet. I nettverket vil ein derfor ha fokus på å auka elevane sin lesekompetanse på mellomtrinnet, og halda fram med Klasselesekurs som verktøy.

Forpliktinga til rammeverket og systemarbeidet kring dette vil vera tema i skuleeigars årlege oppfølging av barneskulane.

Resultata på kartleggingsprøvar i rekning 1. og 3. trinn viser at det er behov for felles systematisk intensiv opplæring i rekning ved fleire skular. Frå skuleåret 2025- 2026 vil det setjast i verk tiltak med å etablera eit nettverk med pedagogar. Nettverket skal utarbeida felles systemarbeid knytt til rekning. Erfaringane frå arbeidet med lesenettverket vil bli nytta i etableringa av reknenettverket.


Målsettinga det vil bli arbeidd med er forankra i satsingsområde 2: Samhandling for førebygging og tidleg innsats i Strategiplan Oppvekst 2023-2029. der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

Mål for 2025:

- Resultata i rekning på 5. trinn skal vera på nasjonalt nivå på alle skulane.
- Resultata i lesing skal vera på nasjonalt nivå på 8. trinn.

## Grunnskulepoeng

Analyse av standpunktkarakterane tilbake i tid viser at gutane oppnår dårlegare karakterar enn jentene. Desse karakterane saman med resultatata på eksamen dannar grunnlaget for utrekning av grunnskulepoenga, som er konkurransegrunnlaget elevane søker med på vidaregåande skule. Dette er bakgrunnen for følgjande vedtak som blei fatta i sak om Kvalitetsmeldinga i 2024: *Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat blir mindre.*



Dei fire siste åra har elevane i Time samla oppnådd dårlegare grunnskulepoengsum enn Rogaland. Oversikten viser at denne forskjellen har blitt utjamna og Time ligg nå tett opp til regionalt nivå (0,3 poeng under).

For gutane i Time har tala variert. Tre av fire år er under regionalt snitt, medan det i fjor var 0,5 poeng over. Snittet for jentene i Time har tre av dei fire siste åra lege over regionalt snitt.

Differansen regionalt på gutar og jenter er forholdsvis stabil. Forskjellane mellom gutane og jentene i Time blei mindre i perioden 2020-21 til 2022-23. I 2023-24 aukar forskjellen til 5,6 grunnskulepoeng.

Det kjem fram av standpunktkarakterane at det framleis er ulikskapar i karakterane mellom kjønn. Jentene har tilsvarande, eller betre karakterar i 10 til 11 av dei 13 faga på dei fire skulane. Desse er del av utrekninga av grunnskulepoenga og grunnlaget elevane søker vidaregåande skule med.

Det er gjennomført prosessar i leiarsamlingane der skulane har sett opp tiltak for å minka differansen i grunnskulepoeng mellom gutar og jenter. Utviklinga frå 2022-23 til 2023-24 er større avstand mellom gutane og jentene på alle skulane. Det er behov for å sjå på tiltaka som er sett i verk for å redusera forskjellar, og vurdera eventuelle justeringar og forbetringar.

Det er også jobba med læreplanforståing og god undervisningsplanlegging i leiarsamling og ute på skulane. Som del av arbeid med vidare målsetting knytt til dette tema, er det viktig å halda på det same målet over tid, og med tilsvarande ordlyd. Resultata for gut/jente på grunnskulepoeng varierer for mykje frå år til år. Målet er ikkje nådd før tala er stabile over tid.

Arbeidet vidare er forankra i satsingsområde 2: Samhandling for førebygging og tidleg innsats i Strategiplan Oppvekst 2023-2029, der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

Mål: Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat blir mindre.

I 2025 vil det bli gjennomført dialog med skulane med gjennomgang av læringsresultata og analyse av vurderingspraksis og medverknad. Målet er at det ikkje skal vera store skilnader i vurderingspraksisen på skulane.

## Utvikling knytt til elevane sitt læringsmiljø

Analyse av elevane sitt læringsmiljø viser at me ligg på nasjonalt nivå på indikatorane elevmedverknad og vurdering for læring. Me ønsker likevel framgang på desse områda. Dette var derfor tema i alle elevråda i Timeskulen i 2023-24. Elevane skulle her koma med tiltak for å få meir medverknad i sin eigne skulekvardag.

Dette danna grunnlaget for følgjande vedtak som blei fatta i sak om Kvalitetsmeldinga i 2024: *Skulane skal følga opp tiltak og plan knytt til medverknad som er utarbeidd i elevrådet for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.*

### **Elevundersøkinga**

#### *Mobbing*

Time har over tid hatt færre elevar som opplever at dei blir mobba samanlikna med nabokommunane og nasjonalt. I 2024- 2025 viser resultatet for Time at tala er signifikant under nasjonalt nivå både på 7. og 10. trinn.

Av tabellen under kjem det fram at det er stor variasjon mellom skulane frå år til år.

<b>7. trinn</b>	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	<b>2024-2025</b>	2024-2025
<b>Mobbing</b>						Nasjonalt
Time		5,8	5,3	8,8	<b>8,2</b>	12,3
Bryne	0	--	--	13,6	<b>7,3</b>	
Rosseland	6	10,4	6,7	10,3	<b>5,0</b>	
Lye	--	--	--	4,7	<b>21,6</b>	
Frøyland	--	0	--	5,9	<b>5,3</b>	
Hognestad	0	--	--	--	--	
Undheim	0	0	--	--	--	
<b>10. trinn</b>	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	<b>2024-2025</b>	2024-2025
<b>Mobbing</b>						Nasjonalt
Time		4,3	4,7	6,9	<b>7,1</b>	10,6
Bryne u	4,7	--	4,5	7,6	<b>10,9</b>	
Vardheia u			--	5	<b>4,9</b>	
Lye u	0	--	--	12,8	<b>6,0</b>	
Frøyland u	0	--	--	6,1	<b>5,4</b>	

Skjerma opplysningar av Udir er i tabellen markert med strekpunkt på den enkelte skulen og i kommunen.

Alle skulane vil i løpet av februar- mars 2025 i tillegg gjennomføra den årlege Olweusundersøkinga på 5.-10. trinn. Resultata her går til skulen og blir ikkje gjort offentleg. Denne gir eit meir nøyaktig bilde enn elevundersøkinga på mobbproblematikken på den enkelte skule.

### Støtte frå lærarane

Relasjonen mellom lærar og elev er grunnleggande for å leggja til rette for eit trygt og godt læringsmiljø. Spørsmåla knytt til indeksen støtte frå lærarane handlar om i kva grad elevane opplever at lærarane bryr seg om dei, om dei har forventningar til dei, behandlar dei med respekt, om dei får god hjelp når dei har problem med oppgåver og hjelper dei slik at dei forstår kva dei skal læra. Fem av skulane ligg på eller over nasjonalt snitt på 7. trinn. På 10. trinn har særleg Lye ungdomsskule svært god framgang, og på dei andre skulane er resultatane stabile.

7. trinn Støtte frå lærarane	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				4,1	<b>4,3</b>	4,2
Bryne	4,6	4,4	4,3	4,1	<b>4,3</b>	
Rosseland	4,3	4,4	4,4	4,4	<b>4,3</b>	
Lye	4,6	4,1	4,3	4,1	<b>4,2</b>	
Frøyland	4,6	4,4	4,4	4,1	<b>4,4</b>	
Hognestad	4	3,8	4	3,7	<b>4,1</b>	
Undheim	4,4	4	3,9	4,4	<b>4</b>	
10. trinn Støtte frå lærarane	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				4,1	<b>3,9</b>	3,9
Bryne u	3,9	4	4	3,7	<b>3,7</b>	
Vardheia u			3,9	3,9	<b>3,8</b>	
Lye u	3,8	3,9	3,8	3,3	<b>4,2</b>	
Frøyland u	4	4,1	4,1	3,9	<b>4</b>	

## Motivasjon

Spørsmåla knytt til indeksen motivasjon handlar om i kva grad elevane er interessert i å læra på skulen, kor godt dei likar skulearbeidet, og om dei gler seg til å gå på skulen. Utviklinga for 7. trinn viser framgang ved fem av seks skular frå i fjor. Fire av skulane ligg over nasjonalt snitt. På ungdomsskulane har snittet på to av skulane gått opp. Tre av fire skular ligg på eller over nasjonalt snitt.

<b>7. trinn Motivasjon</b>	2020- 2021	2021- 2022	2022- 2023	2023- 2024	<b>2024- 2025</b>	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				3,3	<b>3,4</b>	3,4
Bryne	3,8	3,6	3,5	3,3	<b>3,5</b>	
Rosseland	3,6	3,9	3,4	3,5	<b>3,5</b>	
Lye	4,2	4,1	3,4	3,1	<b>3,1</b>	
Frøyland	3,8	3,3	3,4	3,2	<b>3,5</b>	
Hognestad	3,3	2,8	3,5	2,9	<b>3,5</b>	
Undheim	3,9	3	3,4	3,6	<b>3,3</b>	
<b>10. trinn Motivasjon</b>	2020- 2021	2021- 2022	2022- 2023	2023- 2024	<b>2024- 2025</b>	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				3,2	<b>3,2</b>	3,2
Bryne u	3,4	3,4	3,4	3,2	<b>3,2</b>	
Vardheia u			3,3	3,3	<b>3,1</b>	
Lye u	3,3	3,3	3	3,1	<b>3,2</b>	
Frøyland u	3,4	3,6	3,4	3,1	<b>3,5</b>	

## Meistring

Spørsmåla knytt til indeksen meistring handlar om i kva grad elevane opplever å kunna gjera leksene på eiga hand, om dei klarer å gjera oppgåver på eiga hand på skulen, og i kva grad dei forstår når læraren går gjennom og forklarar nytt stoff på skulen. Elevane sine svar dei fire siste åra på 7. trinn har vore relativt stabile. Fem av skulane ligg på eller over nasjonalt snitt. På 10. trinn ligg alle skulane på eller over nasjonalt snitt.

<b>7. trinn Meistring</b>	2020- 2021	2021- 2022	2022- 2023	2023- 2024	<b>2024-2025</b>	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				3,9	<b>3,9</b>	3,9
Bryne	4,1	4	3,9	3,9	<b>3,9</b>	
Rosseland	4	4	4	3,9	<b>3,9</b>	
Lye	4,2	4,2	4,2	3,9	<b>4,0</b>	
Frøyland	4,2	4	4	3,8	<b>4,0</b>	
Hognestad	3,8	4	3,8	3,8	<b>4,1</b>	
Undheim	4	3,9	3,8	4	<b>3,6</b>	
<b>10. trinn Meistring</b>	2020- 2021	2021- 2022	2022- 2023	2023- 2024	<b>2024-2025</b>	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				3,8	<b>3,9</b>	3,8
Bryne u	4	3,7	4	3,7	<b>3,9</b>	
Vardheia u			3,9	3,9	<b>3,8</b>	
Lye u	3,8	4	3,9	3,6	<b>3,9</b>	
Frøyland u	4,1	4,2	4	4	<b>3,9</b>	

### Elevdemokrati og medverknad

Eit område som kan ha noko å seia for elevane sin motivasjon og meistring er korleis elevane opplever å medverka i eiga læring. Spørsmåla knytt til indeksen elevdemokrati og medverknad handlar om i kva grad elevane opplever at dei får vera med på å føreslå korleis dei skal arbeida med faga, om det blir lagt til rette slik at dei kan delta i elevrådsarbeid, om skulen høyrer på forslaga dei kjem med og om dei får vera med på å laga reglar for korleis dei skal ha det i klassen. På 7. trinn er det variasjon mellom år, og mellom skulane. Fem av skulane ligg over nasjonalt snitt. På 10. trinn er utviklinga frå i fjor positiv ved tre av skulane. Tre av skulane ligg på eller over nasjonalt snitt.

<b>7. trinn - Elevdemokrati og medverknad</b>	2020- 2021	2021- 2022	2022- 2023	2023- 2024	<b>2024-2025</b>	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				3,6	<b>3,6</b>	3,6
Bryne	3,8	3,8	3,8	3,4	<b>3,6</b>	
Rosseland	3,7	3,7	3,8	3,7	<b>3,5</b>	
Lye	4,2	3,4	3,9	3,7	<b>3,7</b>	
Frøyland	3,7	3	3,6	3,7	<b>3,6</b>	
Hognestad	3,7	3,8	3,6	3,4	<b>3,9</b>	
Undheim	3,8	3,5	3,4	3,8	<b>3,4</b>	
<b>10. trinn - Elevdemokrati og medverknad</b>	2020- 2021	2021- 2022	2022- 2023	2023- 2024	<b>2024-2025</b>	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				3,3	<b>3,3</b>	3,3
Bryne u	3,4	3,5	3,5	3,1	<b>3,3</b>	
Vardheia u			3,6	3,5	<b>3,2</b>	
Lye u	3,1	3,4	3,4	3,2	<b>3,5</b>	
Frøyland u	3,6	3,7	3,7	3,3	<b>3,5</b>	

## Vurdering for læring

Eit anna viktig område i elevundersøkinga som seier noko om i kva grad elevane opplever å medverka i eiga læring, finn ein i spørsmåla knytt til vurdering for læring. Her svarar elevane på 8 spørsmål som summert handlar om i kva grad elevane opplever at lærarane forklarar mål i dei ulike faga slik at dei forstår desse, kva som blir lagt vekt på i arbeidet, kva som er bra med arbeidet, kva dei må gjera for å bli betre, kor ofte dei får tilbakemeldingar, om dei får vera med å føreslå kva som skal leggst vekt på, om dei får medverka i vurdering av eige arbeid og om dei får hjelp til å utvikla seg i faget. På 7. trinn at det har vore framgang på fire av skulane samanlikna med i fjor. Tre av skulane ligg over nasjonalt snitt. På 10. trinn er utviklinga framgang på tre av skulane frå i fjor, tre av skulane er på eller over nasjonalt snitt.

<b>7. trinn Vurdering for læring</b>	2020- 2021	2021- 2022	2022- 2023	2023- 2024	<b>2024-2025</b>	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				3,5	<b>3,6</b>	3,6
Bryne	3,9	3,7	3,6	3,4	<b>3,5</b>	
Rosseland	3,7	3,7	3,7	3,5	<b>3,5</b>	
Lye	4,2	3,4	3,7	3,7	<b>3,7</b>	
Frøyland	3,9	3,2	3,6	3,6	<b>3,7</b>	
Hognestad	3,4	3,3	3,8	3,3	<b>3,9</b>	
Undheim	3,5	3,1	3,1	3,7	<b>3,5</b>	
<b>10. trinn Vurdering for læring</b>	2020- 2021	2021- 2022	2022- 2023	2023- 2024	<b>2024-2025</b>	2024-2025 Nasjonalt
<b>Time kommune</b>				3,2	<b>3,3</b>	3,2
Bryne u	3,3	3,2	3,4	3,1	<b>3,2</b>	
Vardheia u			3,4	3,3	<b>3,1</b>	
Lye u	3,1	3,4	3,4	2,8	<b>3,5</b>	
Frøyland u	3,6	3,7	3,6	3,2	<b>3,5</b>	

## Oppsummering og vurdering av læringsmiljø

Det har over tid vore færre elevar i Timeskulen som rapporterer at dei opplever mobbing på skulen samanlikna med nærkommunar og nasjonalt. Det har vore arbeidd systematisk over lang tid for å avdekka og følgja opp elevar som opplever mobbing gjennom Olweusprogrammet som alle skulane i Time er del av. Elevundersøkinga gir ein indikator på at talet på elevar som opplever mobbing har gått ned i Timeskulen. Olweusundersøkinga som skulane gjennomfører i februar-mars vil gi informasjon som kan spegla svara som er gitt i elevundersøkinga, og det

blir vidare sett i verk tiltak for å følga opp elevar og klassar der det er behov. Skulane i Time skal bruka Klassestrivsel som del av verktøykassa for å følga opp elevane sitt læringsmiljø undervegs i løpet av skuleåret. I Klassestrivsel kan ein velja kva spørsmål ein ønskjer å få svar på, og den kan brukast systematisk med korte intervall for å følga med på korleis elevane har det i kvardagen.

Svara frå elevane på elevundersøkinga baserer seg på ein skala på 1-5, der 5 er beste skår. Når ein går inn på enkeltspørsmål knytt til dei ulike indeksane er det tydeleg at elevane bruker skalaen. Det er ulikskapar i resultat mellom trinn og mellom skulane i Time.

På 7. og 10. trinn viser resultatata på kommunalt nivå at elevane over tid trivst godt på skulen og at dei opplever meistring.

Målsettinga for 2024 var ein framgang på 0,3 på spørsmåla om medverknad og vurdering for læring. Resultata viser at både 7. og 10. trinn er som i fjor. Skulane har ikkje hatt framgang, men ligg på eller over nasjonalt nivå. Målsettinga for Time er ikkje nådd, og det er behov for å jobba vidare med desse tema.

Målsettinga det vil bli arbeidd vidare med i 2025 er forankra i satsingsområde 3: Inkluderande samfunn i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 der målet er at; *Alle barn og unge melder at dei blir sett, høyrte og inkludert.*

Mål for 2025: Skulane skal følga opp utforma tiltak og plan knytt til medverknad for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

## Overgang til og gjennomføring av vidaregåande skule

### Overgang til vidaregåande skule

Det har over tid vore jobba systematisk med å få ned talet på elevar som ikkje gjennomfører vidaregåande skule og opplæring. Frå skuleåret 2024-2025 har Timeskulen samarbeida med fylkeskommunen i programmet Glidelåsen. Rogaland fylkeskommune registrerer og følger opp elevar som står i fare for å droppa ut. Time kommune har ansvar for å følgja opp enkeltelevar i første år på vidaregåande skule.


År	Andel overganger i %
2024	98,7
2023	97,5
2022	100,0
2021	99,5
2020	98,6
2019	98,5

*Tabellen viser del av 16-åringar frå Time som går i vidaregåande opplæring same år som dei avslutta grunnskulen. God overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring er avgjerande for å nå målsettinga om høgast mogleg gjennomføring.*

Kjelde Udir.no: Time, Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

### Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Tabellen under viser at gjennomføringsgraden for elevane i Time kommune har gått vesentleg opp samanlikna med 2023, då 80,7 % av elevane gjennomførte vidaregåande opplæring. Årets tal for gjennomføring er litt lågare enn tilsvarande tal i 2022, men er på eller høgare enn snittet i dei andre Jærkommunane og for Rogaland.



Kjelde: Rogaland\_fylkeskommune

Det kjem fram av tabellen under at det er framgang i gjennomføringa frå 2023 både på yrkesfagleg og studieførebuande retning. Framgangen er tilnærma det dobbelte på yrkesfagleg retning samanlikna med studieførebuande retning.

		2020	2021	2022	2023	2024
Time	Alle	81,4%	86,8%	89,9%	80,7%	86,8%
	Yrkesfagleg	79,2%	82,2%	84,4%	71,9%	81,3%
	Studie- spesialiserande	83,9%	91,1%	95,5%	88,9%	92,4%

### Oppsummering og vurdering av gjennomføring i vidaregåande skule


I Timeskulen har me eit spesielt fokus på den nasjonale målsettinga om at elevane våre skal fullføra vidaregåande opplæring. Dette er inngangsbiljetten til vidare utdanning og arbeidsliv som gir moglegheiter for jobb og medborgarar som bidreg til fellesskapet. Det har vore arbeid systematisk over lengre tid med fokus på å følga opp elevar som kan stå i fare for å droppa ut av vidaregåande skule i Timeskulen. Systematisk arbeid er ein grunnleggande faktor for å skapa utvikling. Med unntak av skuleåret 2023-2024, har trenden vore at stadig fleire elevar i Timeskulen har fullført vidaregåande opplæring. Tabellen over viser at tala nå er på same nivå som i 2021. Målet er at det systematiske samarbeidet med fylkeskommunen og satsing på tidleg innsats i Timeskulen, vil bidra til målsettinga om at 9 av 10 skal fullføra vidaregåande opplæring.

Målsettinga det vil bli arbeid vidare med i 2025 er forankra i satsingsområde 3: Inkluderande samfunn i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 der målet er at; *Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden.*

Målet framover er at 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring.

## Individuell tilrettelegging


Kunnskapsgrunnlag som omhandlar kva tid det er viktig å setja inn tiltak for å støtta elevane si læring, er tydeleg på at dette må gjerast i tidleg alder.



Frå august 2024 blei det innført ny opplæringslov. Nytt i lova er at det blir skild mellom individuelt tilrettelagt opplæring( §11-6) og personleg assistanse (§11-4). I diagrammet over er begge paragrafane slått saman. Diagrammet viser at talet på elevar med vedtak har gått ned på alle hovudtrinn siste året.

I Strategiplan Oppvekst Satsingsområde 3: Inkluderande samfunn, er målsettinga å dreia ressursane frå individ til fellesskap, slik at ein i større grad kan nytta ressursane inn i ordinær opplæring for alle elevane. På denne måten får flest mogleg elevar hjelp innanfor det ordinære tilbodet. Færre elevar vil med dette ha behov for individuell tilrettelegging og enkeltvedtak.

Tabellen under viser utviklinga frå 2022-23 til 2023-24 i tal på tilvisingar til PPT på dei ulike hovudtrinna.



Den hyppigaste tilvisingsgrunnen i 2024 er vurdering og oppfølging av logoped. Desse tilvisingane handlar om språk-, uttale-, taleflyt- eller stemmevanskar. Elles blir fleirtalet av elevane tilvist med spørsmål om generelle lærevanskar.

### **Oppsummering og vurdering av individuelt tilrettelagt opplæring**

Det er ønskeleg at ressursane i skulen i større grad blir nytta til den ordinære opplæringa, slik at flest mogleg elevar får tilpassa opplæring og ikkje får behov for individuell tilrettelegging. Fram til 2021 låg talet på elevar som hadde behov for vedtak om individuell tilrettelegging stabilt rett over 6%. Fram til skuleåret 2023-24 hadde dette talet auka til 8,6 %, men er redusert til 7,8% i 2024. Auken i delen av elevar med vedtak gjeld ikkje berre Timeskulen. Tal på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå viser same utvikling. Auken i vedtak fører til behov for meir bruk av ressursar på individnivå, og utfordrar i stor grad handlingsrommet skulane har til å gi tilpassa opplæring. Eit viktig spørsmål i denne samanheng er om ramma som er tildelt skulane er tilstrekkeleg til at alle elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, slik at det ikkje medfører behov for å sikra ressursar gjennom individuelle vedtak.

I 2022 blei det gjennomført ein analyse av ressursar for Timeskulen, der det kom fram at Time kommune bruker 20 millionar kroner mindre på skule enn kommunar me kan samanlikna oss med. Delar av dette overforbruket omhandla forholdet mellom opplæringslova § 11-1 (tilpassa opplæring) og §§ 11-4 og 11-6 (personleg assistanse og individuelt tilrettelagt opplæring). Fleire individuelle vedtak fører til at handlingsrommet for fellesskapet og tilpassa opplæring blir mindre, som vidare er ein drivar for fleire vedtak. Som ein konsekvens av innhald og forslag til tiltak i rapporten til Agenda Kaupang blei det meldt sak, og gjort vedtak om ny tildelingsmodell for grunnskulen i kommunestyret i mai 2024 (KS 032/24). Tildelingsmodellen er utforma i

tråd med Sola og Sandnes sine modellar, og det kjem fram at differansen mellom tildelt budsjett for å innfri ny tildelingsmodell ligg mellom 10 til 15 millionar kroner for grunnskulen i Time. Den økonomiske situasjonen med kostnadsreducerande tiltak i 2024, og vedtak i handlings- og økonomiplanen 2025-2028 der Oppvekst skal nedjustera tenestene med 20 millionar kroner i perioden har konsekvensar også for grunnskulen. Ny tildelingsmodell er tatt i bruk, men budsjettet som blir lagt inn til fordeling mellom skulane for skuleåret 2025/2026 vil, dersom tiltak i sak om Omstilling 2025-2028 blir vedtatt, bli redusert med 3,5 millionar samanlikna med budsjettet i 2024. Dette medfører i praksis ei negativ utvikling der avstanden mellom kva faktorane bereknar i ny tildelingsmodell, og tildelt budsjett blir ytterlegare forverra. Tildelingsmodellen er i bruk, men får ikkje effekt då det ikkje er tilført ekstra midlar.

Følgande vedtak blei gjort i behandlinga av Kvalitetsmeldinga i 2024 «*I 2024 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda ein praksis der det stadig blir fleire individuelle vedtak*». I tråd med dette har skulane saman med PPT arbeidd med tiltak knytt til faktorar som har vore med på å oppretthalda praksisen rundt fokuset på individuelle tiltak. Frå våren 2024 har heile oppvekstområdet hatt tverrfagleg fokus og mål om å dreia ressursar frå individ til fellesskap. Rapporten til ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging *Inkluderende fellesskap for barn og unge* av Thomas Nordahl m.fl., har danna grunnlaget for kunnskapen det blir arbeidd med for å nå målet. Arbeidet med innhaldet i kunnskapsgrunnlaget og utarbeiding av tiltak vil fram i tid bidra til å auka handlingsrommet slik at ressursar kan nyttast fleksibelt og målretta ut frå behov. Det er eit langsiktig arbeid som krev tverrfagleg samarbeid for å lukkast.

Målet om 5 år er at 15-25% av barn og unge (0-18 år) har behov for, og får tilrettelegging i ordinært tilbod. Barn med vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring er mellom 1- 3/4%.

Delmål for 2026 er at talet på barn med vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring og omfang i timar er halvert i alle verksemdar.

I 2025 skal skulane arbeida vidare med tiltak knytt til faktorar for å forsterka arbeidet med å dreia ressursar frå individ til fellesskap.


## Rekruttering av lærarar

Tabellen under viser utviklinga i talet på søkarar til lærarstillingane i kommunen. Tala i parentes viser alle søkarane, inkludert dei som ikkje var kvalifisert.

Søkarar til lærarstillingar i Time					
2020	2021	2022	2023	2024	2025
156 (167)	181 (190)	139 (156)	106 (132)	59 (72)	89 (111)

Krav for tilsetjing og for å undervisa i grunnskulen er regulert i forskrift til opplæringslova. Læraren er den viktigaste innsatsfaktoren i arbeidet med elevane si læring og utvikling. Alle elevane våre, uavhengig av skule, trinn og klasse, har krav og rett på kvalifiserte og kompetente lærarar.

Diagrammet under viser at trend i talet på lærarar med godkjent utdanning frå dei tre siste åra har snudd. Sett opp mot talet på kvalifiserte søkarar for komande skuleår, er det å forventa at denne statistikken vil gå opp.



Kjelde Udir - Statistikkbanken

Det blir arbeidd på fleire måtar for å rekruttera kvalifiserte lærarar til Timeskulen. Saman med Utdanningsforbundet i Time blei det våren 2024 etablert eit rekrutteringsstipend for lærarstudentar som er i sitt 4. eller 5. studieår. Studentane får

ei fast redusert stilling i Time kommune, og stipend med bindingstid på to år etter ferdig studie. Pr. februar 2025 har ein i Timeskulen sju studentar i denne ordninga.

Lærarar som er i sitt første arbeidsår får tilbod om rettleiing på eigen arbeidsplass. Lærarar som er i sitt andre arbeidsår, får tilbod om rettleiing i grupper organisert av Jærskulen. Planen inneheld også tiltak for å rettleie lærarar som har vore borte frå yrket i mange år. Rettleiarane er lærarar i Jærskulen sine fire kommunar. Læraren har vidareutdanning i rettleiing og legg rammer for rettleiingsøkte gjennom skuleåret. Ordninga med rettleiing blir evaluert jamleg. Ei god rettleiingsordning, og eit godt system for kompetanseutvikling kan vera med til å gjera at nyutdanna lærarar blir raskare trygge i rolla og verande i lærarjobben.

Det å vera praksisskule for lærarstudentar er ein viktig rekrutteringsarena. Når studentane har blitt kjent med skulane våre er det lettare å rekruttera dei når dei har fullført utdanninga si. I perioden 2022- 2026 har Lye skule, Rosseland skule, Bryne skule og Bryne ungdomsskule samarbeidsavtale med UiS om gjennomføring av praksis gjennom IGIS (institutt for grunnskolelærerutdanning, spesialpedagogikk og idrett). Vardheia ungdomsskule har inngått rammeavtale om praksissamarbeid med IKS ( Institutt for kultur og språkvitenskap). I 2026 skal skulane inngå nye avtalar med UiS, og ein arbeider for at fleire av Timeskulane skal bli praksisskule.

## **Oppsummering og vurdering av rekruttering**

Kommunestyret vedtok i si behandling av Kvalitetsmelding for Timeskulen 2024 at Time skal ha som mål kontinuerleg å auke andelen kvalifiserte lærarar.

Det er ei stor samfunnsutfordring at færre søker seg til lærarutdanninga. Hausten 2023 var det 103 som takka ja til studieplass ved UiS på lærarutdanningane for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn. Hausten 2024 var tilsvarande tal 80. Forventa fråfall i løpet av studiet er på 20-25%. Dette kan medføra at det i 2029 berre er 60 lærarar som har fullført utdanninga og dannar grunnlaget for søkartala i heile Rogaland.

Timeskulen er i konkurranse med dei nærliggande kommunane frå Hå til Sandnes om dei same lærarane. Søkarane til Time har også søkt i andre kommunar, og det medfører at grunnlaget for å få tak i kvalifiserte lærarar blir vanskelegare. Skulane opplever at kandidatar undervegs trekker seg når dei får betre tilbod, eller tilbod der dei eigentleg ønsker seg på andre skular etter å ha takka ja i Time.

Satsingsområde 5 i Strategiplan for Oppvekst omhandlar mål og tiltak for å rekruttera og behalda tilsette. Det vil i 2025 bli jobba vidare med å rekruttera fleire skular til å bli praksisskule, og bruka etablerte støtteordningar for å rekruttera kvalifisert personell.

## Oppsummering av målsettingar for vidare arbeid i Timeskulen

### Læringsresultat

Satsingsområde 2 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Samhandling for førebygging og tidleg innsats.

Mål 3: Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

- Resultata i rekning på 5. trinn skal vera på nasjonalt nivå på alle skulane.
- Resultata i lesing skal vera på nasjonalt nivå på 8. trinn.
- Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat blir mindre.

### Læringsmiljø

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn.

Mål 2: Alle barn og unge melder at dei blir sett, høyrte og inkludert.

- Skulane skal følga opp tiltak og plan knytt til medverknad for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

### Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn

Mål 1: Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden

- Målet framover er at 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring

### Auka handlingsrom i skulane

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn

Mål 2: Alle barn og unge melder at dei blir sett, høyrte og inkludert.

*Tiltak:* Alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet

- I 2025 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda ein praksis der det stadig blir fleire individuelle vedtak. Delmål på vegen i 2026 er at talet på barn med vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (§11-6) og personleg assistanse (§ 11-4) og omfang i timar er halvert i alle verksemdar.

### Rekruttering

Satsingsområde 5 i Strategiplan for Oppvekst 2023-2029: Rekruttera og behalda

Mål 4 Fleire kvalifiserte søkarar enn stillingar

- I 2025 vil det bli jobba vidare med å rekruttera fleire skular til å bli praksisskule, og bruka etablerte støtteordningar for å rekruttera kvalifisert personell.